



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		22/1307

Orientering om bemanning i barnehagane i Vaksdal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Heimel

I møte 14.12.2021, sak 111/2021 – Budsjett 2022, ber kommunestyret i verbalforslag *Utvida opningstid i barnehage*, punkt 3, om å få ei utgreiing i 2022 om «*korleis bemanning, bornegrupper, og krav frå staten, vert handsama i barnehagane våre og om bemanning vi har i dag er stor nok/bornegruppene små nok til å stette krava i lovverket.*»

Bakgrunn for saka

Om nasjonal bemannings- og pedagognormen

1. august 2018 vart det innført bemanning- og pedagognorm i barnehage ved lov og forskrift. Bemanningsnorma krev at barnehagane skal ha minst ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år.

Norma for pedagogisk bemanning (pedagognorma) krev at barnehagen skal ha minst ein pedagog per sju barn under tre år og ein pedagog per fjorten barn over tre år. Pedagogen må ha utdanning som barnehagelærer eller annan treårig pedagogisk utdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet for inntil eitt år om gangen, slik at ein person som ikkje oppfyller utdanningskravet, kan jobbe som pedagog.

(Kilde: Barnehageloven § 26, forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager §§ 1 og 2.)


Bemanning i barnehagane i Vaksdal

Sidan bemanningsnorma vart innført i 2018 har barnehagane i Vaksdal oppfylt bemanningsnorma for barn pr. tilsett kvart år. Pedagognorma har vore oppfylt med dispensasjonar i 2019, 2020 og 2022, medan ein i 2021 oppfylte pedagognorma utan dispensasjonar. Det er utfordrande å rekuttera tilstrekkeleg tilsette med rett utdanning, særleg for kortare periodar ved ulike permisjonar.

Det er stor variasjon i barn pr. barnehagelærer og i barn pr. tilsett i barnehagane. Dei små barnehagane har færre barn pr. tilsett enn dei større barnehagane.


I 2021 hadde barnehagane på Vaksdal, Stanghelle og Dale 12,8 – 13,5 barn pr. barnehagelærer, medan Stamnes hadde 9 og Eksingedalen 5. Pedagognorma er 14 barn pr. barnehagelærer.

Oversikt barn pr. barnehagelærer 2021:



Barn pr. tilsett viser den same variasjonen. I barnehagane på Vaksdal, Stanghelle og Dale er det 4,6 – 5,1 barn pr. tilsett, medan Eksingedalen har 3,1 og Stamnes 2,9. Bemanningsorma er 6 barn pr. tilsett.

Oversikt barn pr. tilsett 2021:



Barnehageåret 2022 - 2023

I inneverande barnehageår 2022 - 2023 har barnehagane tilstrekkeleg bemanning for å stetta både bemannings- og pedagognorm med dispensasjonar. Pr. 7. oktober 2022 ser tala ut som følgjer:

OVERSYN BARN OG BEMANNING PR. 7.10.22								
Barnehage	Tal barn	Tal plassar	Barnehagelærarar	Fagarbeidarar	Assistentar	Tot. Årsverk	Krav pedagog	Krav total bemanning
Stanghelle	55	84	6,2	2,8	6,2	15,2	6	14
Vaksdal	56	70	5	7,4	1,45	13,85	5	11,67
Dale	32	32	3	1,6	1,8	6,4	3	5,3
Stamnes	6	8	1		2	3	1	1,3
Eksingedalen	2	4	1			1	1	1
TOT	151	198	16,2	11,8	11,45	39,45	16	33,27

Vi har pr. 7. oktober noko meir bemanning enn norma. I Stanghelle barnehage er det auke i bemanning etter vedtak om utvida opningstid til kl. 17.25. òg Vaksdal, Dale og Stamnes har fleire årsverk enn norma. Dette er grunna i blant anna vedtak om tilrettelegging, styrking pga manglande ressurs til styrar i ein periode og opningstid. På Stamnes er òg barn i SFO inkludert i barnehagedrifta.

Det vert gjort vurderingar ved opptak kvar vår med å fordele barn i dei ulike barnehagen slik at ein nyttar kapasitet i høve tal pedagogar og fagarbeidarar/assistentar best mogeleg.